

Til levering: F + K



IMDi
Integrerings- og
mangfoldsdirektoratet

Tysnes kommune

Ber om at brevet vert distribuert til:
Ordførar
Rådmann/ Byrådsleiar

Dykkar ref:

Vår ref:

| | | |
|--------------------------------|---------------------------------|----------|
| Tysnes kommune | | |
| Saks.hands: <i>Kristine</i> | Kopi til: <i>Stedal, Hildur</i> | |
| - 6 NOV 2017 | | |
| Saknr. <i>16/963-15</i> | J.nr. <i>6931/17</i> | |
| Arkivnr. | Dato: <i>6.11.2017</i> | U.off. § |

Busetting av flyktningar i 2018



Dokid: 17014915 (16/963-15)
BUSETTING AV FLYKTNINGAR 2018

Norske kommunar har dei siste åra gjort ein formidabel innsats med busetting og kvalifisering av flyktningar. Busetting er det første skrittet i integreringsprosessen i kommunen. Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi) takkar Tysnes kommune for innsatsen i dette arbeidet.

Dei siste prognosane viser at behovet for busetting i 2018 vil vere rundt 4 400 flyktningar, inkludert 150 einslege mindreårige. Årsaka til redusert behov for busetting er at færre søker asyl i Noreg.

Det betyr at berre om lag halvparten av kommunane som har busett flyktningar dei siste åra, vert oppmoda om å busette flyktningar i 2018. Kommunane som vert oppmoda vert beden om å busette langt færre enn tidlegare.

Med bakgrunn i noverande prognosar og lågare behov for busetting, er det ikkje naudsynt å oppmode Tysnes kommune om å busette flyktningar i 2018.

Avgjersla er treft i samråd med KS.

Det er forventa 27 000 deltakarar i introduksjonsprogrammet mot slutten av 2017. Talet er historisk høgt. Flyktningane skal raskt over i arbeid eller utdanning og bli aktive deltakarar i lokalsamfunnet deira. Viss vi skal lykkast i dette arbeidet har kommunane ei heilt sentral rolle. IMDi ser difor fram til å halde fram det gode samarbeidet med Tysnes kommune om integrering av flyktningar.

Med helsing
for Integrerings- og mangfoldsdirektoratet

Ohene Aboagye
regiondirektør

Dokumentet er godkjend elektronisk og treng difor ikkje signatur.